

Til medlemmane i skulemiljøutvalet

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Erik Klausen	24.11.2015
Vår: 15/2974 - 15/34832	erik.klausen@lindas.kommune.no	

Referat for møte i skulemiljøutvalet, tysdag 17.11.15

Tid: Tysdag 17.11.15, klokka 18.00
Stad: Ostereidet barneskule, personalrommet
Til stades: Eva Hindenes (FAU), Mathilde Fykse (FAU), Sveinung Toft (kommunestyret), Nina Eide (skulen), Rune Guldbrandsøy (skulen), Erik Klausen (rektor og skrivar)
Fråvær: Ane Johanne Hågensen (FAU), Bente Merethe Færø (FAU), Johan Romarheim (elevrådet) Sigrid Jordal (elevrådet), Gullborg Tresnes (skulen)

Saksliste:

Sak 01/2015-16 **Godkjenning av**
a) Innkalling
OK
b) Sakliste
OK

Sak 02/2015-16 **Skriv og meldingar**
a) Teieplikt
Rektor informerte om.
b) Opplæringslova kap. 9a
Rektor informerte om.

Sak 03/2015-16 **Nytt frå skulen**
Skulen informerte om:
Arbeid for å motverke brot på opplæringslova 9a.
Arbeid i elevrådet
Vennsapsveke (smil og stil), BliMe-dans, adventssamlingar og juleverkstad.

På dagen for juleverkstaden vert det servert graut. Foreldre lagar grauten. 8 foreldre har meldt seg. (Også to som ikkje har elever på skulen) Grauten vert servert i kjellaren i kyrkja.
Skulemiljøutvalet rår at skulen:

- *Kjøper papptallerkar for å gjere ryddearbeidet lettare.*
- *Ha tomatsuppe til dei som ikkje liker/tåler graut.*
- *Skrive informasjon på vekeplaner.*

Skulen informerte om:

Vernerundar, brannrundar og leikeplasskontroll viser lite feil og manglar. Støy på SFO vart tatt opp på sist vernerunde. Her kjem det plater i taket som skal dempe lyden. FAU har gjeve ei grillhytte som skal setjast opp av elevar frå ungdomsskulen. Kommunen skal gjere gravearbeidet. Skulen ventar framleis på at dette blir gjort. Rektor snakka seinast på måndag 16.11.15 med driftsoperatør om framdrifta i gravearbeidet.

Når det gjeld dei vaksne er det eit stabilt personale. Lavt sjukemeldt fråvær. Ein god del kortare fråvær.

Gymsalen skal få nytt dekke. Blir blått. Byrjar arbeidet onsdag 18.11.15.

Skulemiljøutvalet meiner at:

- *Prosesen har vore for rask.*
 - o *§9a-6. Informasjonsplikt*
 - o *Berørte sin rett til å delta i prosessar.*
- *Det er ønskeleg ein orientering frå eigedomsavdelinga til dei tilsette om bruk og begrensingar.*

Andre spørsmål som kom opp:

- *Kan ein bruke bygget til avslutningar?*
- *Vil ein kunne kaste seg på golvet, som til dømes når ein spelar volleyball?*
- *Skal dei gjere noko med bommen?*
 - o *Kan ein få kontrollert og fornya.*
 - o *Eventuelt anna utstyr som erstatning.*

Sak 04/2015-16

Konstituering av skulemiljøutvalet 2015-2016

Det vart vald leiar, nestleiar og skrivar

*Leiar: **Eva Hindenes***

*Nestleiar: **Ane Johanne Hågensen***

***Rektor** er skrivar*

Sveinung Toft informerte om at det vert vald ny representant for kommunen. Rektor informerte om at Torill Person Solli kjem tilbake som rektor frå om med 01.01.16.

Sak 05/2015-16

Årsplan for skulemiljøutvalet

Dette vart diskutert og bestemt på møtet:

- *Rektor reviderer tidlegare plan og legg fram utkast til neste møte*
- *Leiar vel neste møte. Kanskje i midten av januar.*

Sak 06/2015-16

Eventuelt

Dette vart diskutert på møtet:

Har kommunen fått nabovarsel for arbeidet i området ved sidan av gymsalen?

Rektor melder inn til eigedomssjefen. Skulemiljøutvalet er bekymra for skyting på nabotomt kan ha skada bygget.

Utvalet påpeiker at det burde vore HMS-samarbeid mellom entreprenør og skulane.

Referat til alle representantane på e-post

Med helsing

Erik Klausen
fung. Rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.